

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 19.02.2016
SAKSHANDSAMAR: Kst. administrerende direktør Ola Rye
SAKA GJELD: **Risikostyringsmål for Sjukehusapoteka Vest 2016**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 006/16

STYREMØTE: 26.02.2015

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest til orientering, og legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.

Styret sluttar seg til styringsmåla med delmål for risikostyring i Sjukehusapoteka Vest i 2016.

Oppsummering

I samsvar med felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest vert det i Sjukehusapoteka Vest gjennomført ei overordna risikostyring på utvalde styringsmål. Etter retningslinja skal helseføretaka årleg gjennomføre risikovurdering av minimum 4 overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året.

Helse Vest RHF har i styresak av 10.12.2015 (Sak 116/15) vedteke 3 overordna styringsmål med tilhøyrande delmål gjeldande for sjukehusføretaka i regionen. Helse Vest peika i denne saka ikkje ut styringsmål for Sjukehusapoteka Vest, men da Sjukehusapoteka Vest er et verkøy for Helse Vest i reduksjon av skader knytt til legemiddel har Sjukehusapoteka Vest likevel vald som i 2015 å foreslå å nytte Styringsmål 1 – Tal på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018 – som eit styringsmål for Sjukehusapoteka Vest også i 2016, men noko spissformulert.

I tillegg føreslær administrasjonen å vidareføre styringsmål 2 frå 2015 (SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen) og styringsmål 4 frå 2015 (alle arbeidsprosessar (leiarprosessar, kjerneprosessar og støtteprosessar) har standardisert god kvalitet og vert betra kontinuerleg med brukaren/ kunden og beste praksis i fokus) i 2016. Årsaka til dette er at styringsmåla framleis peikar seg ut som dei viktigaste områda for styring av risiko og iverksetjing av tiltak. Innanfor desse to områda er tiltaka tilpassa den utviklinga ein ser i verksemda ved inngangen til 2016. og oppgåver som er gjevne SAV i styringsdokument for 2016.

I tillegg til foreslær administrasjonen et nytt styringsmål knytt opp mot bidrag for å sikre pasienten si helseteneste der delmåla er retta inn mot tilgjengelegheit og service ovanfor kunde, samt koordinering av beredskap og styring av legemiddelkostnader.

Når styringsmål med delmål er fastsett vil helseføretaket utføre risikovurdering og identifisering av tiltak og ansvar under kvart styringsområde. Denne prosessen vil bli teken ut i organisasjonen i mars. Styret vil få rapportering på risikostyring i juni (T1 2016), oktober (T2 2016) og fyrste styremøte i 2017 (T3 2016). Ved årsslutt vil det som ein del av Årleg melding verte utarbeidd ei oppsummering av risikobildet for året.

Fakta

For 2016 er det frå administrasjonen føreslege følgjande risikostyringsmål med delmål:

	Styringsmål	Delmål
1	Talet på legemiddelrelaterte skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018	<p>1.1 SAV sikrar trygg tilgang til legemiddel og bidreg til effektiv flyt og god styring i legemiddelkjeda frå grossist , via apotek til sjukehuspost.</p> <p>1.2 SAV bidreg til trygg bruk av legemiddel i heile pasientlaupet.</p> <p>1.3 SAV tek del i og sikrar oppslutning, engasjement og gode prosessar kring arbeidet med kurve og journalløysing.</p> <p>1.4 SAV er aktiv bidragsyter i prosjekt for legemiddeltryggleik for utarbeiding av felles regionale kvalitetsindikatorar og arbeidsprosesser på legemiddelområdet.</p>
2	SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen	<p>2.1 SAV bidreg aktivt til avklaring av strategiske tiltak for publikumsutsal i sjukehusapotek i Norge</p> <p>2.2 Nødvendige rammevilkår for forretningsdrift er etablert i tett samarbeid med sjukehusføretaka</p> <p>2.3 SAV gjennomfører naudsynte investeringar</p> <p>2.4 SAV har etablert kultur for omsorgssal og god forretningsdrift.</p>
3	SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste gjennom fokus på pasientane og brukarane av sjukehusa sine behov.	<p>3.1 SAV gjennomfører brukarundersøkingar, offentleggjer resultat og følger aktivt opp resultatane.</p> <p>3.2 SAV sikrar pasientar, pårørande, tilsette og andre brukarar av sjukehusa god service og tilgang til varer og tenester frå apoteket.</p> <p>3.3 SAV bidreg til god styring av legemiddelkostnader i regionen gjennom analysar og rapporter.</p> <p>3.4 SAV tek i samarbeid med sjukehusa og myndigheter ansvar for å samordne legemiddelberedskapen i regionen.</p>
4	Alle arbeidsprosessar (leiarprosessar, kjerneprosessar og støtteprosessar) har standardisert god kvalitet og vert betra kontinuerleg med brukaren/ kunden og beste praksis i fokus	<p>4.1 Alle aktuelle prosessar er etablert, implementert og vert følgd opp i SAVvy.</p> <p>4.2 Prosessmål og prosessrisiko understøttar SAV sine overordna mål og den overordna risikostyringa.</p> <p>4.3 Prosessar for legemiddellogistikk vert vurdert «ende til ende» i Helse Vest, og er understøtta av tilpassa IKT-løysingar.</p>